



MØTEPROTOKOLL

Utval Brukarutval for
samhandlingsreforma
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 29.05.2017

Start kl.: 09.00
Slutt kl.: 12.30

Til stades på møtet Jostein Melheim, Astrid Martinsen, Kristoffer Skjolden

Forfall: Anja Iren Hilleren

Varamedl.:

Frå adm. (evt. andre):

I fellesmøte med dei andre råda møtte rådmann Jarle Skartun, omsorgstensta ved John Olaf Røhme, Kari Paulsen, Svein Tore Heltne, Tone Kveane, Henriette Sandvik, Ruth Karin Kvam, Margrete Søhoel Røneid, Liv Hunshamar, Helene M Olsen, Ingvild Didriksen.

Kommunelege Knut Cotta Schönberg, sekretariatet Karin Leirdal, Britt Veum Hauge og Anita Bjørk Ruud.

I brukarutvalet sitt møte møtte Britt Veum Hauge.

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
9/17	17/2150 Godkjenning av møtebok
10/17	16/3063 Interkommunal legevaktsentral
11/17	17/2176 Informasjon, referat- og drøftingssaker

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

9/17

Godkjenning av møtebok

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteboka.

VEDTAK:

Møteboka frå møtet den 18.04.17 vert godkjent.

Astrid Martinsen og Kristoffer Skjolden vart valde til å skrive under på møteboka.

10/17

Interkommunal legevaktsentral

Handsaming:

Kommunelegen informerte om saka. Sjå eigen presentasjon som er lagt ved protokollen.

Rådmannen presenterte utkast til si tilråding.

VEDTAK:

Brukarutvalet viser til sitt vedtak i møte den 28.11.16 sak 12/16. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

11/17

Informasjon, referat- og drøftingssaker

Handsaming:

Felles informasjon:

Leiargruppa i omsorgstenesta informerte og presenterte omleggingar i tenesta og dei ulike einingane presenterte sitt tilbod og sine utfordringar:

Kari Paulsen er leiar i omsorgstenesta og leiar også tenestekontoret. Ho informerte om arbeidet til tildelingsteamet; Kari Paulsen, Knut Cotta Schönberg og Tone Kjærvik Kveane. Omsorgstenesta arbeider for å få til eit betre informasjonstilbod til nye brukarar og deira pårørande.

På tenestekontoret arbeider Gunn Wenche Bukve, Jane Molland, Åge Fjøsne, Grete Ulviksbakken. Aud Jorunn Høyheim er konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne, Kjell Olav Bondevik er fagutviklar og Bjørn Ove Nytun Leirdal er ergoterapeut.

Luster Omsorgssenter v/einingsleiar Liv Hunshamar og fagleiar Helene M Olsen informerte om deira teneste der dei no har 30 pasientar. Dei har mykje hjelp frå frivillige til å gje pasientane god livskvalitet. Det er mange som bidreg med underhaldning, Lions si sykkelgåve var kjærkomen, pårørande er viktig ressurs som kan gje oss god og nyttig kunnskap om pasientane. Det er litt utfordrande å få nok fagfolk i Luster. Senteret har om lag 75 tilsette og mange har god erfaring.

Gaupne omsorgssenter v/einingsleiar Tone Kjærvik Kveane og fagleier Henriette Sandvik informerte om senteret i Gaupne der det er fullt på korttidsavdelinga og nokre få ledige omsorgsplassar. Dei har gode erfaringar etter måltidsendring som råda har fått informasjon om tidlegare, pasientane ete godt. På korttidsavdelinga er det 2 øyeblikkeleg hjelp-senger (ØHD), og her deltek dei no i eit forskningsprosjekt med sjukeheimslege Anne Kjær Smith og Bård Flattun, der dei registrerer 400 pasientar ut frå alderssamansetjing, diagnose, kvar kom dei frå til oss, kvar reiser dei etterpå. Prosjektet er knytta til Universitetet i Bergen.

Frå 1.1.2017 er det krav om ØHD tilbod til rus/psykiatripasientar og dette tilbodet vert no ein del av det etablerte ØHD tilbodet. Tilsette har vore på kurs i Sogndal.

Gaupne omsorgssenter har utfordringar med høgt sjukefråver, noko som leiinga jobbar aktivt med. Det er elles noko utfordringar med å få til integrering mellom dei som arbeider «ute og inne».

Det vart gjeve gode tilbakemeldingar frå råda på drifta av korttidsavdelinga.

Hafslo omsorgssenter v/einingsleiar Ruth Karin Kvam og fagleiar Margrete Søhoel Røneid informerte om deira tenester. Ikkje alle pasientane er i målgruppa demente. På dagsenteret er det 8 plassar, men ikkje fullt endå. Det er gode tilbakemeldingar på tilbodet, men leiinga opplever ein terskel for å søkje.

Det blir laga inngjerda hagar utanfor senteret som aktivitetstilbod for pasientane.

Kommunen har satsing på kompetanseutvikling innanfor demens. 31. mai skal det vere fagdag om temaet og tilsette blir også oppfordra til å ta vidareutdanning.

På Hafslo er det også gode tilbakemeldingar etter måltidsendring. Nokon tykte det vart mykje mat og har sagt opp lunsjen sin.

Her er også mykje samarbeid med frivillige, og regelmessig kontakt med barnehage og skule. Senteret ynskjer at det skal ver låg terskel for å kome inn på besøk.

Det er lågt sjukefråver og høg kompetanse blant dei tilsette. Litt utfordringar på innleige på helg.

Kari Paulsen og fungerande leiar på Grandmo busenter, Ingvild Didriksen informerte om deira tilbod til brukarar med ulike behov. Nokon bur i eigen bustad og nokon leiger kommunal. Det er vel 40 tilsette på Grandmo. Alle brukarar har sin primærkontakt som også deltek på ansvarsgruppemøte.

På Grandmo er det ein del utfordringar i høve til bygningsmasse, og noko høgt sjukefråver. Dette arbeider leiinga med.

Kjøkensjef Svein Tore Heltne informerte om kjøkenestea, og hadde eigen presentasjon som følgjer protokollen.

Problem med Tv på omsorgssentra i vinter skal no vere i orden.

Rådmannen informerte om gode tilbakemeldingar frå kommunestyret etter framlagt årsmelding frå råda.

Råda er godt fornøgde med ordninga med fellesmøte der det blir gjeve god informasjon frå administrasjonen, og formidlar dette rundt til andre kommunar.

Råda melde til rådmannen at det er ynskjeleg at lydanlegget blir teke i bruk når råda har møte.

Rådmannen informerte om den økonomiske stoda, Luster 2020 og tertialrapport 1/17. Presentasjonen følgjer vedlagt.

VEDTAK:

Brukarutvalet takkar for god og brei informasjon om tilbodet i omsorgstenesta. Brukarutvalet tek orienteringa frå rådmann i høve økonomi 2020 til vitande.